


VOSSEVANGEN – *Bygd for alle*

Norges klimamål

- Redusere utslepp med 50-55 % innan 2030, samanlikna med eit 1990-nivå.

Vossaklima mål

- Redusere utslepp med 69 % innan 2030, samanlikna med 2005-nivå.



Mobilitetspyramiden viser hva vi skal prioritere i planleggingen. Vi skal først og fremst tilrettelegge for gående, syklende, delingsløsninger og kollektivtransport.

Frå Sykkelstrategi Stavanger kommune


Voss herad

VOS2+2050

Vossaklima 2030
- frå krise til handling og framtidstru

KOMMUNEDLPLAN FOR KLIMA, KLIMATILPASSING OG GRØN OMSTILLING
2022 - 2034

VOS2+
↳ Depp for sterke opplevingar 1




Figur 3 - Klimagassutslipp i Voss herad, 2020. Kjelde: Miljødirektoratet.

Satsingsområde 2: Snu transporthierarkiet

Tradisjonelt har infrastrukturen vore planlagt for å sikra at bil og lastebil kjem fort fram. For å bidra til at fleire kan gå og sykla, eller nytta kollektivtransport må dette endrast. Eit meir effektivt transportsystem med betre logistikk for varetransport vil og vera effektivt for å redusera klimagassutsleppa. Begge delar vil krevja nye samarbeidsmåtar. Bruk av teknologi og til dels insentiv frå Voss herad.

Auka bruk av heimekontor, knutepunktutvikling og nærleik til skule, barnehage, idrettsanlegg og andre viktige samfunnsfunksjonar kan bidra til å redusera behovet for transport. Dei som går, sykklar og reiser kollektivt bør sikrast trygg og rask framkomst framfor bil og varebilar.



Kva skal me gjera:

- Byggja slik at ein kan leva bilfritt i dei sentrumsnære delane av Voss
- Vera pådrivar for arealbruk som prioriterer kollektivtransport, sykkel og gange føre bilbruk.
- Vera pådrivar for å få realisera tiltak i Voss herad sin trafikksikringsplan som legg til rette for mjuke trafikantar. Dette krev samarbeid og prioritering av tiltak og midlar frå Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune, då mange av tiltaka ligg på Europa, riks og fylkesveg.
- Utarbeida og iversetja Voss herad sin eigen sykkelstrategi¹¹
- Vera pådrivar for betre kollektivtilbod
- Bruka parkering som strategisk verkemiddel for ei berekraftig stadutvikling¹²
- Utvikla og ta i bruk insentiv som gjer det attraktivt å bruka kollektiv, sykkel og gange.
- Leggja til rette for bruk av bildelering i heradet

Å snu transporthierarkiet vil gje lågare klimagassutslepp, og gevinstar som betre luftkvalitet, mindre støy og betre folkehelse.

¹¹ Framtidige satsingar på auka bruk av sykkel vart diskutert i samband med utarbeiding av Sentrumsplan i Voss herad.

¹² Parkeringsstrategi utarbeida i samband med Sentrumsplanen vedtatt 2021
<https://webhotel3.gisline.no/GislinePlanar/4621/12352018001/Dokumenter/Parkeringsstrategi06202019%20VK.pdf>

Satsingsområde 11 - Vossingen sitt klimafotavtrykk

Vossingane sitt forbruk av varer og tenester bidreg til miljø- og klimautfordringar i heile verda. Omlag 60 % av dei globale klimagassutsleppa er det forbruket i hushalda som er ansvarleg for.²⁵

Forbruket vårt både vil og må endra seg mykje i framtida. Først og fremst fordi tåleevna til naturen er på brestepunktet. Viss kvar enkelt av oss vert smartare forbrukarar, vil vossasamfunnet, innbyggjarar og næringsliv, leva i ein meir berekraftig kvardag og bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med å verta eit lågutsleppsfunn i 2050.

Det treng heller ikkje vera så vanskeleg å leva på ein meir klimavenleg måte. Eit bevisst forhold til det å bruka mindre, selja det du ikkje treng, kjøpa brukt, låna og leiga i staden for å eiga. Ta vare på det du er glad i. Alt dette vil vera ein god start på å gjera levestetet meir berekraftig. Det er og eit stort potensiale i å redusera klimaavtrykket ved å leggja om mat og kostvanar, eta lokalprodusert og balansert, meir grønnsaker, og ha fokus på matsvinn og overforbruk.



Gjennom å tenkja kortreiste ferie- og aktivitetsreiser, nytta sykkel eller gå i staden for å ta bilen, vil du, tillegg til å redusera klimafotavtrykket, få betra helse og kanskje til og med betre humør.

Kva skal me gjera:


- Styrka satsing på snarveggar, gang- og sykkelveggar i Voss herad
- Prioritera løysingar for effektiv framkome av gåande og syklande, før bilparkering tett på målpunkt (med unntak av HC-parkering)
- Styrka bevisstgjerig kring klimasmart mat, matsvinn og avfallsminimering gjennom kampanjar og informasjon på heradet si heimeside.
- Leggja til rette for auka reperasjon, ombruk og delingsøkonomi for å sikra berekraftig forbruk og avfallsminimering i samarbeid med lagsliv, næringsliv og dei kommunale selskapa våre
- Invitera til faste sy- og reperasjonskveldar på biblioteket i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Etablera fast «Bygdelab» som møteplass for kunnskapsdeling og samarbeid om sirkulære løysingar.
- Utarbeida plaststrategi for å hindra at plastavfall kjem på avveggar i naturen.
- Lyfta fram vinstar knytt til å nytta seg av nærflutslivet



Figur 1211 - Bannerdrap med Natur og ungdom, Grøn november

Vedlegg 1: Samla oversikt over satsingar, strategiar, nytte og kostnad

VOSS SOM PÅDRIVAR FOR NULLUTSLEPP	
Satsingar og strategiar	Nytte - kostnad
<p>1. Frå fossil til utsleppsfri</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeida med private og offentlege aktørar for utsleppsfrie transportløysingar. - Leggja til rette for nødvendig infrastruktur (energistasjonar) for utslepp – og fossilfri transport - Realisera ladepunktsplan i Voss herad - Stilla krav til null- og lågutsleppsteknologi ved innkjøp av kommunale køyretøy og tenester. - Krevja utsleppsfrie bygg- og anleggsmaskiner i kommunale prosjekter. - Vera pådrivar for utsleppsfri teknologi i utbyggingsprosjekt i Voss herad. - Nyttja offentlege innkjøp for klimasmart marknad 	<p>Nytte:</p> <p>Ved å realisera satsingsområda 1, 2 og 3 under «Voss som pådrivar for nullutslepp» vil dei direkte klimagassutsleppa i Voss herad verta redusert med 44. 000 tonn CO₂ ekvivalantar, eller 69% samanlikna med 2009 nivå.</p> <p>Dei nasjonale målsetjingane er nådd, og Voss herad er komme godt i gang med arbeidet som skal til for å verta eit framtidig lågutsleppssamfunn.</p>
<p>2. Snu transporthierarkiet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Byggja slik at ein kan leva bilfritt i dei sentrumsnære delane av Voss - Vera pådrivar for arealbruk som prioriterer kollektivtransport og mjuke trafikantar. - Vera pådrivar for å få realisera tiltak i Voss herad sin trafikksikringsplan som legg til rette for mjuke trafikantar - Utarbeida og iversetja sykkelstrategi - Vera pådrivar for betre kollektivtilbod - Bruka parkering som strategisk verkemiddel for ei berekraftig stadutvikling - Utvikla og ta i bruk insentiv som gjer det attraktivt å bruka kollektiv, sykkel og gange. - Leggja til rette for bruk av bildelering i heradet 	<p>Overgang frå fossil til utsleppsfri, og ved å snu transporthierarkiet, vil me og få andre positive nyttegevinstar som betra luftkvalitet, mindre støy og betra folkehelse. Satsinga i landbruket vil, i tillegg til å redusera dei direkte klimagassutsleppa, bidra til at produksjonen i landbruket vert oppretthalde, samtidig som me vil få positive gevinstar for oppretting av naturmangfaldet.</p> <p>Kostnader knytt til å redusera dei direkte klimagassutsleppa er estimert i Klimakur. Dei deler tiltaka inn i tre kostnads kategoriar: under 500 kr/tCO₂e, 500-1500 kr/tCO₂e og over 1500 kr/tCO₂e. I Voss herad sine framtidige klimabudsjett skal kostnadane knytt til prioriterte tiltak ytterlegare konkretiserast.</p>
<p>3. Eit berekraftig og framtidsetta landbruk</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stimulera til at landbruket når måla i klimaavtalen mellom landbruket og staten. - Voss herad skal jobba for utvikling av eit landbruk som er mest mogleg basert på lokale ressursar. - Fremja kunnskap som bidrar til meir klimavenlege drifts- og produksjonsmetodar i jordbruket. - Vera ein pådrivar for at jordbruket nyttar seg av tilskotsordningar som bidrar til meir klima- og miljøvenleg produksjon og drift 	<p>Vedlegg 2 syner samla oversikt over tiltak og klimaeffekt knytt til realisering av eit kutt i klimagassutsleppa på 69% innan 2030.</p>



Dersom 500.000 nordmenn droppar bilen og sykklar til og frå jobb 100 dagar i året, vil dei til saman bidra til å redusere klimautsleppa med 150.000 tonn. Dersom 500.000 skuleelevar sykklar eller går til skulen kvar dag, i staden for å bli køyrt med bil vil dei bidra til å redusere klimautsleppa med 57.000 tonn i året.

Klimatips frå Klimalofet, Miljøverndepartementet. www.klimalofet.no

Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum , høyringsutkast

Med temakart til kommuneplanen for Voss 2015-2026

Forord

Denne planen for Voss sentrum er eit temakart og ein tekstdel som kjem med forslag til korleis eit meir samanhengande sykkeltilbod kan planleggast. Det gjev ein oversikt over gode og dårlege tilbod og eksisterande tilbod som treng tiltak for å bli betre.

Ulike typar syklistar har ulike behov til utforming av sykkelanlegg, og det er ei utfordring å finne fram til gode løysingar for alle.

Planen har fokus i retning mot transportsyklistar; det vil seie dei mest trafikkerte rutene, til skulane, til Voss stasjon og til arbeidsplassar, i og rundt sentrum. Vi har også sett på korleis ein på ein god og nyttig måte kan knytte saman Vangen, Skulestadmoen og Palmafossen..

I tillegg har vi sett på dei lengre aksane frå vest, aust og sør. Dette er tilbod som er opparbeidd i samband med Vossapakko.

Planen for hovudnett for sykkel skal vere eit vedlegg til kommuneplan for Voss kommune 2015-2026, og bør kunne vera grunnlag for å setje av det arealet som trengst for å utvikle samanhengande sykkelvegnett og eit reiskap for framtidige prioriteringar.

Planen er utarbeidd med bakgrunn i Nasjonal sykkelstrategi 2014-2023, Statens vegvesen sine handbøker, 017 og 233, og bør nyttast i samanheng med desse. Det er også lagt til grunn dei eksisterande kommunale planer som omtalar tiltak for syklande og gåande.

1. Føremålet med planen

Føremålet med sykkelplan for Voss sentrum er å stimulere til auka sykkelbruk gjennom eit godt tilrettelagt sykkelnett. Planen definerer eit hovudvegnett for sykkel som knyter saman Vangen, Skulestadmoen og Palmafossen.

Som del av planen er det konkretisert større og mindre tiltak som bør gjennomførast for å skape ein samanhengande og trygg infrastruktur for ulike typar syklistar.

Sivilingeniør Helge Hopen AS

Sentrumsplan Vossevangen



Sykkelanalyse

15.05.2020

1 SAMANDRAG

Langsiktig visjon

Sykkelanalysen tilrår å ta med Vangsgata i visjon for framtidig hovudvegnett for å ha to gjennomgåande aksar for sykkeltransport aust-vest, og med dette fange opp fleire reiserelasjonar i aust-vest aksen.



Figur 1. Framlegg til justert hovudvegnett for sykkel (langsiktig visjon).

I denne tilrådinga er det lagt til grunn at det framtidige sykkelvegnettet er vurdert ut i frå behov og ikkje kopla til detaljar og problemstillingar knytt til fysiske løysingar. I ein visjon for framtidig sykkelvegnett kan ein leggje til grunn at det vil vere mogleg å finne fram til akseptable løysingar, så vil planlegginga av konkrete tiltak vere avgjerande for når utbygginga kan realiserast. Eventuelt må ein basere seg på mellombelse tiltak fram til ein har midlar og moglegheit til å byggje permanente løysingar.

I vurdering av løysingar og potensielle konflikter med andre trafikantar må ein òg ha i tankane at nye trafikk-løysingar kan opne for sykkeltiltak som ein i dag ikkje ser. For Vangsgata sin del vil t.d. trafikkregulerande tiltak i kombinasjon med fysiske sykkeltiltak kunne gje moglegheiter for akseptable forhold for både syklande og gåande. Problemstillingane med konflikt mellom sykkel og fotgjengarar i Vangsgata som ein ser i dag, trengjer såleis ikkje vektleggast i utforminga av ein framtidig visjon for sykkelvegnettet i Voss sentrum.

Kortsiktig strategi

Det vert tilrådd å starte opp detaljplanlegging av sykkeltrase gjennom Vangsgata i aksen mellom Strandavegen/Sverresplass i aust og Evangervegen i vest. Sykkelløysinga i Vangsgata vil vere del av ein samla strategi for kortsiktige tiltak som kan gje auka sykkelbruk, men vil òg vere eit viktig enkelttiltak som synleggjer starten på ei offensiv satsing på sykkel som transportmiddel.

Planlegginga må koordinerast med ein plan for trafikkomlegging i Voss sentrum basert på tilrådinga i sentrumsplanen om einvegskøyting i Vangsgata. Dersom ein får gjennomført endringa i Vangsgata frå tovegs trafikk til einvegsregulering i køyreretning aust, vil dette frigje areal som kan nyttast til sykkeltrase.

For Vangsgata vert det tilrådd vidare detaljplanlegging av sykkelfelt i retning frå Sverresplass mot vest etter standard løysing i Statens vegvesens handbok V122, Sykkelhandboka. Frigjeringa av køyrefeltet mot vest vil kunne opne for eit sykkelfelt med god breidde og dermed god avstand til motgåande biltrafikk.

Sykling i motsatt retning løysast truleg best ved sykling i køyrebanar (blanda trafikk). Etablering av sykkelfelt i retning aust er problematisk i forhold til parkering og avkøytingar på sørsida av gata. Med einvegsregulering er trafikken venta å bli halvert frå ca. 3.500 ÅDT i dag til ca. 1.800 ÅDT, og i kombinasjon med fartsgrense på 30 km/t vil sykling i blanda trafikk i gata vere ein trygg løysing som hindrar stor konflikt med gangtrafikken.


Tilrådinga om etablering av sykkelfelt mot vest ved einvegsregulering av Vangsgata må sjåast på som ei førebels tilråding som grunnlag for vidare planlegging. Vurderingar av detaljar knytt til breidder, skilting og trafikk-løysingar for tilkomst til eigedommar, varelevering, parkering etc. kan medføre at ein må vurdere alternative prinsipp og justering av tilrådde løysingar.

Rapporten tilrår dessutan å sjå nærare på andre, kortsiktige tiltak som kan medverke til betre tilrettelegging for sykkel i sentrumsområdet:


- Lågare fartsnivå for biltrafikk, t.d. ein 30 km/t – sone i sentrumsområdet, slik at det vert tryggare å køyre i vege saman med biltrafikken.
- Punkttilta i form av utvida fortausareal der dette er mogleg innanfor gjeldande planar.
- Konfliktstudie og punkttiltak/traffiksikring der dette er aktuelt (t.d. på kryssingssteder)

Reisetidsanalyse; gang- og sykkelavstand (Asplan Viak, mars 2019)

I kretsane rundt Vangen bur det om lag 6100 personar, 700 av desse på Vossevangen.



Figur 2: Reisetid for gange til Hestvangen. Kartet viser reisetid for inntil 30 min.




Figur 8: Kartet viser sykkeltid til Hestvangen.

Ca. 3800 stk. har gangavstand på 20 min eller kortare til Hestvangen sør
(inkl. nye bruløysingar Nyre og Tvildemoen)

Ca. 6700 stk. har sykkelavstand på 10 min. eller kortare til Hestvangen sør
(inkl. nye bruløysingar Nyre og Tvildemoen)

REISETIDSANALYSE


I denne analysen er to framtidige bruer med i berekninga. Desse bruene er plassert ved Prestegårdsmoen og Haugamoen – Magasinvegen, og er vist på kartet i figur 1.



Figur 1: Kartet viser framtidige bruer. Den eine i sør koplar Prestegårdsmoen saman med Gjernesvegen mot Nyreshaugen, og den andre koplar Tvildemoen saman med Haugamoen i Meierivegen.



Figur 3: Fordeling av personar etter gangtid innan 30 minuttar til Hestavangen. I dag bur 991 personar innanfor 10 min gangtid.




Figur 9: Fordeling av personar etter reisetid med sykkel innan 30 minuttar til Hestavangen. Totalt 6685 personar bur innanfor 10 minuttar sykkellavstand.

4. OPPSUMMERING

Det er utfordringar knytte til å legge til rette for «10 minuttars byen» på Voss, all den tid det er svært få som bur i sentrum. Dei største befolkningskonsentrasjonane bur innanfor sykkellavstand, ikkje gangavstand. Dette indikerer at ein bør ha fokus på å lage nye strategiske koplingar generelt i gatenettet for slik å betre reisetida inn til sentrum. I tillegg bør ein særleg legge til rette for mjuke reisemiddel som sykkel, som fungerer best på mellomdistanse. 10 minutters gåbyen er avhengig av ei langt kraftigare konsentrasjon av bustader i sentrum enn nåverande situasjon.

BYROMSNETTVERK






Viktige omsyn:

- Skular
- Handel, service og aktivitetstilbod
- Bebuarar
- Pendlarar og besøkande
- Lokalklimatiske tilhøve

Strategiar/mål for framtidige parkeringsløyser:

- Tilrettelegge for **oversiktleg og effektive parkeringsløyser** i fellesanlegg for dei som kjem med bil til sentrum
- Plassere nye parkeringsløyser langs **overordna vegnett**, og bygge opp om **god tilgjengelegheit** til butikkar, servicefunksjonar og ulike tilbod i sentrum
- Trygge tilhøve og effektiv ferdsle for mjuke trafikantar, **sykkelparkering, handikapparkering og varelevering skal prioriterast**
- Auka **parkeringskapasitet** er knytt til etablering av nye **bustader** i sentrum



Datert: 05.07.2019 / Revidert: 18.05.2020



-  Hovudveg
-  Eksisterande parkeringsanlegg med offentlege plassar
-  Framtidige parkeringsanlegg med offentlege plassar



TEMAKART Parkering - T5

Områdeplan for Vossevangen 2020-2040 - Planid 2018001



Datert: 05.07.2019 / Revidert: 18.05.2020



-  Hovudnett sykkel
-  Sykkel er underordna fotgjengarar

TEMAKART Sykkel - T3



Fleire tjuveri av elsyklar på Voss

Sist oppdatert: 22.04.24 11:18

Del

Politiet på Voss har fått melding om fire tjuveri av elsyklar i helga.

For abonnentar

Politiførstebetjent Gunnar Amundsen på Voss politistasjon fortel at talet på sykkel-tjuveri aukar no som sykkelsesongen har komen i gang.

- Tjuveria sist helg skjedde på Vangen og ved jernbanestasjonen. Med oppmodar folk til å vera nøye med å låsa syklane sine. Me fryktar at talet på sykkel-tjuveri vil auka framover, så me snakkar om ganske store verdjar, seier Amundsen.

Fylg med

Han oppmodar folk til å fylgja med.

- Om de ser nokon som lesser sykklar inn i ein bil eller på eit lasteplan, ta gjerne eit bilete med mobilen der registreringsnummeret på bilen er med. Det er slett ikkje sikkert at det er ulovleg, men om det kan knytast til tjuveri, vil det vera til stor hjelp for politiet å ha bilete av involverte køyretøy, seier Gunnar Amundsen.

Les meir om: [Kriminalitet](#) [Sykkeltjuveri](#) [Voss](#)



PROSJEKT





- Kommuneplan
- Vossaklima
- Sentrumsplan

- Parkeringsstrategi
- **Sykelstrategi ?**
(Sykkelanalyse
Temakart)

arealplaner.no

Til plansøk Kommunekart

Områdereguleringsplan for Vossevangen/Sentrumsplan

Endelig vedtatt arealplan

NASJONAL AREALPLANID: 4621_12352018001
PLANTYPE: Områderegulering
PLANBESTEMMELSER: Planbestemmelser både på kart og som egen tekst
LOVREFERANSE: Plan- og bygningsloven av 2008
VERTIKALNIVÅ: På grunnen/vannoverflaten, Over grunnen (bru)
SAKSNUMMER: 20/723
IKRAFTTREDELSES DATO: 18.03.2021

Planens kartlag (2) Kartdetaljer

Zoom til plan

Gjeldende arealplankart

PLANDOKUMENTER ²⁴ PLANBEHANDLINGER ⁹ DISPENSASJONER ² PLANFORHOLD ²⁰

Her ligger de viktigste dokumentene til arealplanen. Det vil si dokumenter som kan ha betydning for tolkning av planen.

[Les mer](#)

Last ned

<input type="checkbox"/>	Dokumenttype	Dokumentnavn	Beskrivelse	Dato	
<input type="checkbox"/>	Vedtak	Vedtak HST, 23.01.2020, Sak 8_20, Nye grenser for vernesoner Vossevangen vassverk.pdf		23.01.2020	

<https://www.arealplaner.no/4621/arealplaner/390>